

KURSPROGRAM

haust 2010



Røde Kors Sogn og Fjordane

Praktiske opplysningar

Fullstendig kursinvitasjon

Kursinvitasjon med program og påmeldingsskjema vil de finne på: www.rodekors.no/sfj under Kurs og opplæring, i god tid før påmeldingsfrist. Ta gjerne kontakt med med kursansvarleg eller fagansvarleg på DK dersom du har spørsmål.

Påmeldingsfrist

Påmelding er alltid bindande. Kort tid etter at fristen er gått ut vil du få melding om at du er registrert som deltakar.

Kursavgift

Ikkje alle kurs har påført kursavgift. Kursavgifta vert etterfakturert lokalforeining eller avdeling. Alle som deltek på Røde Kors sine kurs skal ha førehandsløyve frå si lokalforeining/avdeling.

Avmelding

Påmelding er alltid bindande, med mindre dette er spesielt kunngjort. Avmelding må skje min 3 veker før kurs/samling på Skei Hotel. Ved Førde Gjestehus og Camping 8 dg.

Sein avmelding kan føre til fakturering.

Avlysing

Eit kurs kan bli avlyst dersom det melder seg for få deltakarar.

Kursstad

Mange av våre kurs vert gjennomført på Skei Hotell i Jølster og Førde Gjestehus og Camping. Røde Kors har dette året gått inn avtale med desse som regulerer prisane på overnatting, mat m.m.

Reiserekningskjema

Reiserekningane skal sendast til lokalforeining/avdeling. Etter avtale fyller du ut reiserekningskjema og legg ved bilag eller kopi av bilag. Skjema har lokalforeining/avdeling, eller du lastar det ned via www.rodekors.no/sfj / Kurs og opplæring.

Kursoversikt hausten 2010

1. Innføring i internasjonalt Røde Kors-Arbeid
2. Barmark B.
3. Vannredning B
4. Samling for Sminke og markør
5. Leiarutviklingsprogram LUOP.. . . .
6. Voice Broadcast.
7. Beredskapssamling.
8. Psykisk Førstehjelp..
9. Grunnkurs omsorg..
10. Kurs Valnemndarbeid
11. Forum Talspersonar
12. Talpersonkurs
13. Mangfald og Dialog
14. Opplæring nytt webbasert resurssystem.. .

Tidspunkt:

Stad:

P. frist

28.	aug	Førde	09.08
03. - 05.	sept	Bremanger kom.	23.08
10. - 12.	sept	Vågsøy	02.09
18. - 19.	sept	Førde	02.09
18. - 19.	sept	Førde	30.08
24. - 26.	sept	Skei	02.09
24. - 25.	sept	Skei	02.09
24. - 26.	sept	Skei	02.09
25.	sept	Skei	02.09
25.	sept	Skei	02.09
25. - 26.	sept	Skei	02.09
02.	okt	Førde	17.09
30.	okt	Sandane	15.10
20.	nov	Skei	29.10

1

Innføring i internasjonalt Røde Kors-arbeid

Kurset gjev m.a. ei innføring i Røde Kors-bevegelsen, organisasjonen sitt internasjonale arbeid, Sogn og Fjordane sitt distriktsprosjekt, og krav og forventningar til dei som representerer Røde Kors.

Målgruppe: Tillitsvalde og andre frivillige på distrikts- og lokalplan som er - eller ynskjer å bli- engasjert i distriktssamarbeidet med Brcko i Bosnia, og andre medlemmar og tilsette med interesse for internasjonalt Røde Kors- arbeid.

Kurshaldarar: Ole Jørgen Krohn-Nydal (Spesialrådgjevar i Norges Røde Kors) og Geir Andreassen (Seksjonsleiar i Norges Røde Kors internasjonale avd.)

Kursansvarleg: Internasjonalt utval

Kurskontakt: Reidun Sørenfjord, tlf. 917 47 134

Dato/tid: 28. august 2010 kl. 11.00 – 18.30

Stad: Førde (møtelokale vert bestemt seinare)

Påmeldingsfrist: 9. august.

Påmelding til: reidun.sorefjord@redcross.no

Pris: Kjem seinare

2

Operativ Barmark B

Lagleiarkurset skal gi deltakarane dei naudsynte kunnskapar, ferdigheiter og haldningar som gjer dei eigna som leiar av frivillige mannskap i dei oppdrag som Røde Kors Hjelpekorps vert tildelt frå oppdragsgivar.

Sentrale emne: Leiarskapsteori, mottak av melding og framføring av ordre, formell og uformell debrief, praktisk leiing i felt, eigenevaluering.

Deltakarane sine føresetnader: Deltakarane må støtte ferdigheitsliste operativ barmark C. Opplæringa foregår ute i felt. Deltakarane må kunne gå langt, bere tungt og vere rett/tilstrekkeleg utstyrt. Det er eit krav at deltakerne har gyldig grunnopplæring i førstehjelps/ID - kort og gjenomført Grunnkurs Barmark C på Nesholmen. Grunnkurs Barmark C kan erstattast av anna relevant erfaring/utdanning. Dokumentasjon må følgje med påmelding.

Etter påmelding vert det tilsendt spørsmål som må svarast på for å kartlegge nivå/erfaring på deltakarar for å få den optimale samansetnaden på laga. Maks 15 deltakarar/3 lag.

Vertskorps: Svelgen Røde Kors Hjelpekorps

Kursansvarleg: Leo Husabø Holm Cirotzki, mob: 950 30 381. Epost: cirotzki@online.no

Dato: 03. - 05. september

Påmeldingsfrist: 23. august .

Påmelding til: henning.hellebust@redcross.no

Stad: Bremanger kommune

Pris: 800,- (kr. 400,- deltakaravgift, kr. 400,- forpleining)

3

Vannredning B

Kurset skal løfte det fagleg nivået innan vannredning og gjev leiar- og opplæringskompetanse.

Sentrale emne: Navigering, hypotermi, utstyr, samband, oljevernberedskap, leiarskap, søketeknikk med meir.

Målgruppe: Medlem av hjelpekorps om ønskjer betre kompetanse innan vannredning og vil lære opp andre innan området.

Kursansvarleg: Jan Gunnar Holvik

Dato: 10.-12. september.

Påmeldingsfrist: 2. september

Påmelding til: henning.hellebust@redcross.no

Stad: Måløy, Vågsøy

Pris: 400 kroner i deltakaravgift.

4

Samling for sminke/markør

Oppfølgingssamling, med inspirasjon, erfaringsutveksling, id-emyldring og noko undervisning. Deltaking her kan gje billett til å vere sminkør under NM for Hjelpekorps i Førde til neste år.

Målgruppe: Dei som tidlegare har tatt sminkekurs

Kursansvarleg: Margrethe Skåden

Dato: 18. -19. september

Påmeldingsfrist: 2. september

Påmelding til: margresk@online.no

Stad: Førde Gjestehus og Camping

Pris: Gratis samling for dei som vil delta som sminkørar under under NM Hjelpekorps.

Andre deltakarar betalar:

590,- for enkeltrom. 540,- per person på dobbeltrom

480,- per person i firemannsytte

440,- pr person i seksmannsytte

Kursavgift: 400,- kroner

Leiarutviklingskurs (LOUP)

5

Målsettinga med kurset er å bidra til å utvikle leiarar som er trygge og kompetente, som kjenner sine roller, oppgåver og ansvar, og som derigjennom vert med på å bygge eit berekraftig og lokalt forankra Røde Kors. I kurset vert deltakarane stimulert til å reflektere korleis dei taklar kvardagen og utfordringar dei står ovafor. Kurset inneheld tre deler med kvar inneheld ei helgesamling og oppfølging mellom samlingane. På samlingane vert det lagt vekt på kunnskapstilførsel, bevisstgjerings og refleksjon. LOUP starta i 2005 og til no har meir enn 1800 leiarar i Røde Kors i Noreg vore med på kurset. Tilbakemeldingane er særst gode.

Sentrale emne; del 1: leieren (om leiing, det å vere leiar i Røde Kors, persontypar og adferd), del 2: teamet (om team og teamroller, gruppedynamikk, dialog og tilbakemeldingar, samhandling, konflikthandtering), og del 3: organisasjonen (om organisasjonsforståing, -kultur, og -utvikling, og målprosessar).

Målgruppe; kurset er til for alle frivillige leiarar, styremedlemmer og andre med leiarfunksjon i lokalforeining, lokalråd, korps og omsorgsavdelingar, leiarar i Røde Kors Ungdom m.v. Dei som kan vere framtidige kandidatar til leiarfunksjonar er òg velkomne til å delta. Det er opplevd som ei føremun at fleire frå ei lokalforeining deltek på same kurset.

Kurshaldar: Tore Wien, LOUP-konsulent med ansvar for leiarutvikling i Oslo, Akershus, Østfold og Sogn og Fjordane.

Datoar: Første samling 18.-19. september, og deretter 27.-28. november og 12.-13. mars

Påmeldingsfrist: snarast råd og seinast mandag 30. august.

Kurskontakt/påmelding: dag.hovland@redcross.no

Deltakartal: maksimum 25 og minimum 12 deltakarar

Stad: Førde Gjestehus og Camping i Førde

Pris: kr. 1.200,- pr deltakarar for heile programmet, inkl. kursavgift, servering og ei overnatting pr helgesamling. Deltakarane/lokalforeininga dekkjer eigne reisekostnader

Kurskatalogen 2010

Katalogen vil bli oppdatert utover hausten. Nytt høve til å sjekke om det er endringar i høve til dei kursa du ønskjer å delta på.

Felles påmeldingsskjema lastar du ned frå heimesidene: www.rodekors.no/sfj Kurs og opplæring

Voice Broadcast

6

Voice Broadcast (VB) har ei sentral rolle for rask varsling av Hjelpekorpsa i fylket, men vert også brukt av lokalforeiningar i beredskapssamanheng. På kurset vil vi lære opp nye lokale administratorar, og gje fagleg påfyll for dei som er litt "rustne". Målsettinga er at alle Hjelpekorps og lokalforeiningar har folk som kan bruke systemet og halde det oppdatert.

Målgruppe: Ansvarleg for varslingssystemet i kvar avdeling, minimum to frå kvart hjelpekorps. Desse vil få ansvaret for drift, vedlikehald og opplæring av systemet lokalt. Ein frå lokalforeininga bør også ha kurset. Deltakarane må ha med eigen PC.

Kurshaldar og kursansvarleg: Jonny Sollid

mob: 932 31 234

Dato: 24.-26. september.

Påmeldingsfrist: 2. september

Påmelding til: henning.hellebust@redcross.no

Stad: Skei hotell

Pris: 2110,- per person i enkeltrom,
1700,- per person i dobbeltrom (full pensjon)

Kursavgift: 400,- pr deltakar

Beredskapssamling

7

Årets vitamininsprøyting innan beredskap, der deltakarane får lære om grunnlaget for godt beredskapsarbeid: risiko og sårbarheitsanalyse, beredskapsstatus i kommunane, mediehandtering, beredskapsverktøy og mykje meir.

Målgruppe: Beredskapsansvarleg og styret i lokalforeiningane, distriktsstyre og distriktsråd.

Kurshaldarar:

Sverre Lagerløv, direktør Nasjonalt utdanningscenter for samfunnsikkerhet og beredskap (NUSB).

Erik Bjerkaas, rådgjevar Nusb

Wenche Eikum, Nynorsk mediesenter

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

med fleire

Kursansvarleg: Henning A. Hellebust

Dato: 24.-25. september

Påmeldingsfrist: 2. september

Påmelding til: henning.hellebust@redcross.no

Stad: Skei hotell

Pris: Gratis for ein deltakar per lokalforeining
1055,- per pers i enkeltrom
850 per pers i dobbeltrom

8

Psykisk førstehjelp

Kurset er nyttig for alle som jobbar med menneske i krise, anten det er hjelpekorps eller omsorg. Kurset har vore arrangert fleire gonger før, og vi får gode tilbakemeldingar og har vanlegvis god påmelding.

Sentrale emne: Definisjon av psykisk førstehjelp, grupper som kan rammast, fasar i krisesituasjonar, stressreaksjonar hjå innsatspersonell, prosessorienterte gruppesamtalar, sorg hjå born, debriefing, leiingskutlru, prinsipp for samtalar ved kriser under somatiske sjukdomar.

Målgruppe: Røde Korsarar som kan møte menneske i krise i teneste. Merk at kurset har 20 års aldersgrense på deltakarane.

Kurshaldar: Kjell Sævre

Kursansvarleg: Anita Kristin Vik

Dato: 24.-26. september

Påmeldingsfrist: 2. september

Påmelding til: henning.hellebust@redcross.no

Stad: Skei hotell

Pris: 2110,- per person i enkeltrom,
1700,- per person i dobbeltrom (full pensjon).

Kursavgift: 400,- pr deltakar.

9

Grunnkurs Omsorg

Grunnkurs Omsorg er eit heilt nytt kurs som skal sikre at alle som engasjerer seg i Omsorgsaktivitetar i Røde Kors, får eit felles kompetansegrunnlag.

Sentrale emne: Målsettinga med kurset er å heve kunnskapen for at den frivillige kan gje ein så god omsorg som mogleg og blir meir bevisst og trygg på korleis ein utfører aktivitetar på vegne av Røde Kors Omsorg

Målgruppe: Kurset er for alle som ønskjer å arbeide med frivillige omsorgsaktivitetar i Røde Kors og som har gjennomført "Introduksjon til Røde Kors"

Kursansvarleg: Anne Lisbeth Kvalsund

Innleiar: Hanne Heggdal

Dato: Skei 25. september

Påmeldingsfrist: 2. september

Påmelding til: bente.halvorsen@redcross.no

Stad: Skei Hotell

Pris: Deltakaravgift 400,-

10

Kurs i Valnemdarbeid

Arbeidet som skjer i valnemndene er avgjerande for å sikre velfungerande styres, råd og utval på alle nivå i Røde Kors-organisasjonen. Velfungerande valnemnder er aktive i heile valperioden, legg til rette for inkluderande valprosessar for å få inn forslag til kandidatar, vurderer eigne forslag, og presenterer eit heilskapleg framlegg for årsmøtet eller valmøtet, slik at møtet vert gjeve eit best mogeleg grunnlag for å gå til val. Målet med kurset er at valnemnder i lokale ledd og i distriktsleddet skal ha betre føresetnader for å planlegge og gjennomføre ein god prosess og presentere eit velfundert forslag for sine respektive årsmøte og valmøte.

Sentrale emne; valnemnda si rolle og strategi, valnemnda sin arbeidsprosess, totalsamansettinga av styret, lover og retningsliner isbm val i Røde Kors.

Målgruppe: leirar og medlemmer av valnemnder i lokalforeiningar og lokalråd, og tilsvarande i distriktet, inkludert distriktsråda.

Kurshaldar: Dag Hovland, distriktskontoret, samt ekstern aktør som ikkje er avklart enno.

Dato: laurdag 25. september kl 1030 – 1630.

Stad: Skei hotell på Skei

Pris: kr 340,- inkl kurs, møterom, kaffipausar og lunsj (vert betalt direkte til hotellet).

Påmeldingsfrist: 2. september

Kontakt/påmelding til: dag.hovland@redcross.no

11

FORUM talspersonar

Godt over 50 frivillige har sidan 2006 utdanna seg til Talspersonar i Sogn og Fjordane Røde Kors. Med utgangspunkt i denne gruppa av resurspersonar, ønskjer vi å skipe eit "Forum".

Sentrale emne:

- Korleis "komme på" radio, aviser, nett, nye sosiale media (Facebook, Twitter, m.f.)
- Samfunnstrendar som påverkar Røde Kors
- Organisering av og oppgaver for Forum talspersonar

Målgruppe: Alle som har delteke på talsperson kurs i regi av Røde Kors.

Kursansvarleg: Margunn Masdal

Kurshaldrar: Frå mediaseksjonen på HK

Dato: 25. september

Påmeldingsfrist: 2. september

Påmelding til: margunn.masdal@redcross.no

Stad: Skei hotell

Pris: 1055,- per pers i enkeltrom
850,- per pers i dobbeltrom

Pris: ,- pr. deltakar. Kjem seinare

Talsperson kurs

12

Kurset, som går over 1 lang dag, er lagt opp til å kunne gi eit godt innblikk i talspersonrolla og dei utfordringane rollar gir. Ein talsperson i Røde Kors har mange spennande arena å virke i. Dei tradisjonelle media som TV, radio og aviser og i tillegg dei mange nye sosiale media.

Sentrale emne: Innhaldet er knytt til handtering av media lokalt og regionalt, gjennomgang og dilemmatrening rundt prinsippa i Røde Kors og gruppearbeid basert på handtering av reelle situasjonar ein Røde Korsar kan komme opp i, kameratrening m.m.

Målgruppe: Tillitsvalde og andre frivillige på distrikts- og lokalplan som ynskjer å dyktigjere seg i rolla som talsperson i Røde Kors. Nye tillitsvalde på alle nivå i organisasjonen er spesielt invitert til kurset.

Kursansvarleg: Margunn Masdal
Instruktør frå Mediaseksjonen HK + Mediasenteret

Dato: 2. oktober

Påmeldingsfrist: 17. september

Påmelding til: margunn.masdal@redcross.no

Stad: Førde Gjestehus og Camping, Førde

Pris: 590,- for enkeltrom

Opplæring i nytt webbasert ressurssystem

14

Ressurssystemet skal registrere og halde oversikt over ma. tilgjengelege beredskapsressursar i Røde Kors - både materiell/utstyr og kompetanse, forenkle og redusere administrative oppgåver i alle ledd i organisasjonen.

Sentrale emne: Registrering av materiell, utstyr og eigedom. Registrering av følgjende kompetanse: Røde Kors kurs, Røde Kors erfaring, Røde Kors verv, sivil utdanning, sivil erfaring, sertifikater, språk. Søk i Røde Kors kurskatalog og påmelding til kurs. Kursadministrasjon: oppretting av nye kurs, administrering av påmeldingslister, utsending av kursbevis. Søkefunksjon/rapportar over materiell/utstyr, kompetanse og eiendom. Administrering av Hjelpkeprøven. Halde styr på godkjente og ikkje godkjende medlemmer. Generering og utskrift av Røde Kors-CV for det enkelte medlemmet.

Målgruppe: Personar med administrasjonsansvar, til dømes: aktivitetsansvarlige, instruktørar, fagansvarlige, lokalforeiningsleiarar, DK, hjelpekorpsleiarar, operativ leiar lokalt, administrativ leiar lokalt, distriktsråd.

Kurshaldarar/kursansvarleg:
Emilia Kongbäck, Norges Røde Kors

Dato: 20. november. Kursvarigheit 3 timar.

Påmeldingsfrist: torsdag 4. november.

Påmelding til: henning.hellebust@redcross.no

Stad: Skei hotell

Pris: 340,- (lunsj, møterom, kaffi/te)

Mangfold og Dialog (MOD)

13

Målsettinga med kurset er å auke medvitet om eigne og andre sine haldningar, reaksjonar og eventuelle fordommar. MOD kurs kan gjera oss meir medvitne om korleis vi menneske oppfører oss i konfliktsituasjonar, både i små og store samanhengar.

Målgruppe: Kurset er nyttig for alle medlemmer i Røde Kors, uansett funksjon og aktivitetsområde. Det er også eit viktig bidrag i organisasjonen sine ambisjonar om å inkludere og gjenspeile mangfaldet i lokalbefolkninga.

Kursansvarleg: Ein frå DK Omsorg + Bente Halvorsen
Innleiar: Connie Hamre

Dato: 30. oktober:

Stad: Sandane

Påmeldingsfrist: 15. oktober

Påmelding til: bente.halvorsen@redcross.no

Pris: Deltakaravgift 400,-

